

Yrkesetisk grunnlagsdokument

for barnevernspedagogar,
sosionomar, vernepleiarar og
velferdsvitarar

Stå opp for tryggleik



Fellesorganisasjonen (FO)
Postboks 4693 Sofienberg 0506 Oslo
Besøksadresse: Mariboesgt. 13, 0183 Oslo
Tlf. 02380

FO.NO

Vedteke på FO sin
6. kongress - mars 2015



Yrkesetisk grunnlagsdokument for barnevernspedagogar, sosionomar, vernepleiarar og velferdsvitarar

1. Etikk, fag og politikk

Yrkesutøvinga til barnevernspedagogar, sosionomar, vernepleiarar og velferdsvitarar er basert på humanistiske og demokratiske verdiar. Yrkesutøvarane har som sitt samfunnsoppdrag å hjelpe og støtte menneske som har behov for hjelp, for å sikre menneskeverdige levekår og livskvalitet. Solidaritet med utsette grupper, kamp mot fattigdom og arbeid for sosial rettferd og sosial endring, er derfor sentralt i det yrkesgruppene gjer.

Yrkesutøvarane sitt arbeid skal ta utgangspunkt i brukarane/klientane sine eigne verdiar, kunnskap og ressursar. Dei har eit ansvar for å sjå til at tiltak og tenester ikkje er med på å umyndiggjere brukarane/klientane. Samstundes er brukarane/klientane ofte i utsette posisjonar og avhengige av andre si hjelp. Yrkesutøvarane kan måtte gripe inn i brukarane sine liv og relasjonar også mot deira eigen vilje. I kraft av sin faglege kompetanse og profesjonelle status har barnevernspedagogar, sosionomar, vernepleiarar og velferdsvitarar makt til å hjelpe, men hjelp kan også opplevast krenkande for mottakaren. Faglege utfordringar lar seg derfor vanskeleg skilja frå etiske utfordringar på dette feltet. Etersom all fagleg kunnskap byggjer på eit særskilt syn på verda og mennesket, er kunnskapen ikkje verdinøytral. Yrkesutøvarane må derfor ha eit kritisk blikk på korleis eigen fagkunnskap vert utvikla og brukt. Barnevernspedagogar, sosionomar, vernepleiarar og velferdsvitarar må på eige initiativ halde seg fagleg oppdatert. Dei må i tillegg ha god kjennskap til lovene som regulerer helse- og sosialfagleg arbeid.

Helse- og sosialfagleg arbeid føreset både teoretisk og praktisk kunnskap, evne til etisk refleksjon og haldningar prega av at ein er audmjuk, og har velvilje og respekt overfor brukarane/klientane sine verdiar og livsval. Samfunnsmandatet til alle desse profesjonane inneber eit kritisk blikk på verdiane og rammene som til ei kvar tid styrer samfunnet. Yrkesgruppene har også ei plikt til å påverke rammevilkåra for arbeidet og til å melde

frå i tilfelle der tiltak og tenester får uheldige konsekvensar for grupper eller enkeltpersoner. Dette føreset ein profesjonsetikk som kan bidra til vedvarande etisk refleksjon, kollegial sjølvjustis og gode vilkår for samarbeid. Dette yrkesetiske dokumentet presenterer forpliktande fellesverdier for profesjonane, drøftar utvalde etiske utfordringar og problemområde og peikar på reaksjonar og sanksjonar i situasjonar der den enkelte yrkesutøvar eller kollegiale fellesskap viser dårleg dømmekraft eller gjer etiske overtramp.

Dokumentet sitt føremål og målgruppe

Dette yrkesetiske dokumentet vender seg til:

- barnevernspedagogar, sosionomar, vernepleiarar og velferdsvitarar
- studentar og undervisningspersonell ved utdanningane for yrkesgruppene
- klientar, pasientar og andre som nyttar seg av tenestene til desse yrkesgruppene
- yrkesgruppene sine arbeidsgjevarar og oppdragsgjevarar
- kollegaer og samarbeidspartnarar

Målet med det yrkesetiske dokumentet er:

- å styrke etisk medvit og handling hjå barnevernspedagogar, sosionomar, vernepleiarar og velferdsvitarar
- å gje brukarar/klientar, folk flest og styresmakter innsyn i desse yrkesgruppene sitt etiske grunnlag
- å bidra til å legitimere utøvinga av yrket og vere eit element i utviklinga av yrkesidentitet og profesjonane sin sjølvjustis
- å gje inspirasjon og rettleiing for etisk refleksjon og diskusjon
- å danne grunnlag for klager til yrkesetisk råd

Definisjonar

Helse- og sosialfagleg arbeid

Helse- og sosialfagleg arbeid er eit samleomgrep for yrkesutøvinga til barnevernspedagogar, sosionomar, vernepleiarar og velferdsvitarar.

Klient, brukar eller pasient

I dette dokumentet er «brukar» definert som ein person som får helse- og sosialfaglege tenester.

Yrkesutøvar

«Yrkesutøvar» viser i dette dokumentet til barnevernspedagogar, sosionomar, vernepleiarar og velferdsvitarar.

Profesjonsmoral og -etikk

Profesjonsmoral er handlingsreglane, konvensjonane og verdiane som er verksame i profesjonane sin praksis i møte med moralske problem/utfordringar. Profesjonsetikk er refleksjon over profesjonen sine moralske utfordringar, normer og verdier samt grunngevinga for desse. Profesjonsetikk for helse- og sosialarbeidarar skal gje eit grunnlag for ansvarleg handling og grunngeevne verdival i yrkesutøvinga.

2. Verdier som forpliktar Internasjonale grunnlagsdokument

Respekten for menneskeverd og menneskerettar slik det går fram av FNs menneskerettserklæring, barnekonvensjon og andre relevante internasjonale konvensjonar, er utgangspunktet for etableringa av felles etiske verdier på tvers av nasjonar og kulturar. FN og andre internasjonale organisasjonar har vedteke ei rekkje forpliktande dokument som er viktige for utforminga av profesjonsetikk.

International Federation of Social Workers (IFSW), der FO er medlem, og International Association of Schools of Social Work (IASSW) vedtok i 2004 dokumentet «Statement of Ethical Principles» – ei erklæring om etiske prinsipp i sosialt arbeid og yrkesetiske retningslinjer. Som medlem av IFSW er profesjonane forplikta av dette internasjonale dokumentet. FO er også medlem av AIEJI, og er derfor også forplikta av deira etiske dokument.

Følgjande verdier utgjer eit felles etisk grunnlag for yrkesutøvarane

Menneskeverd

Alle menneske har same (grunnleggjande) verdi og rett til dei godane som livet gir. Yrkesutøvarane skal forsvare den enkelte sin rett til liv og helse, kjempa mot bruk av vald og tvang og arbeide for at brukarane skal få så gode levkår og så god livskvalitet som mogleg.

Respekt for den enkelte sin integritet

Respekten for enkeltindividet sine verdiar og ynskje om kontroll over eige liv er grunnleggjande i helse- og sosialfagleg arbeid. Gjennom dialog og tilrettelegging for medverknad skal yrkesutøvarane bidra til at den enkelte får høve til å leve i samsvar med eigne verdiar og ressursar. Yrkesutøvarane har særleg ansvar for å skilja mellom ulike preferansar og levemåtar som må anerkjennast, og åtferd og handlingar som bryt med fundamentale menneskerettar og lovreguleringar.

Å anerkjenne ulikskap og ikkje-diskriminering

Helse- og sosialfagleg arbeid skal ta omsyn både til felles menneskelege behov og individuelle preferansar. Yrkesutøvarane skal unngå og kjempa mot urimeleg forskjellshandsaming av menneske på grunnlag av etnisitet, kultur, språk, kjønn, kjønnsuttrykk og seksuell orientering, sosial og økonomisk status, funksjonsnedsetting, religion, livssyn, politisk syn, alder og andre vesentlege persontilhøve. Men det er også viktig å vere kritisk til likehandsaming og standardiserte tiltak i møte med ulike situasjonar og behov.

Heilskapssyn på menneske

Helse- og sosialfagleg arbeid legg til grunn at det er mange aspekt ved menneske sine liv som spelar inn på velferda, og at individ og samfunn påverkar kvarandre. Yrkesutøvarane skal legge vekt på ei heilskapleg tilnærming til menneske som har behov for samansette og tverrfaglege tenester. Han/ho skal bidra til at ulike delar av hjelpeapparatet samarbeider om å gje brukaren eit heilskapleg hjelpetilbod.

Å ha tillit, vere open og ærleg

Helse- og sosialfagleg arbeid må baserast på tillit mellom yrkesutøvarane og brukaren. Yrkesutøvarane kan bidra til at tillit oppstår gjennom open kommunikasjon, forståeleg informasjon, tydelege grunngevingar og ivaretaking av konfidensialitet.

Omsorg og nestekjærleik

Yrkesutøvarane har eit særskilt ansvar for å hjelpe og støtte dei som ikkje sjølv kan ivareta eigne behov og interesser. Yrkesutøvarane skal vise omsorg og nestekjærleik ved å identifisere og møte brukarane sine behov på ein måte som tek omsyn til den andre sine ressursar og verdiar.

Solidaritet og rettferd

Ut frå erkjenninga av at menneske er gjensidig avhengig av kvarandre skal yrkesutøvarane fremje solidaritet mellom individ og grupper. Ei rettferdig fordeling av samfunnet sine ressursar er eit viktig mål i helse- og sosialfagleg arbeid. Yrkesutøvarane har eit særskilt ansvar for å ta vare på brukarane sine rettar og å arbeide for auka rettstryggleik og betre levekår for utsette grupper i samfunnet.

Ansvar

Menneske har sjølv ansvar for det dei kan påverke. Dette gjeld både brukarar og yrkesutøvarar. Sjølv om leiarar har eit større ansvar enn den enkelte yrkesutøvar, har alle eit sjølvstendig ansvar for at eigne handlingar er i samsvar med fagleg kunnskap, juridiske rammer og yrkesetiske forpliktingar. Leiarar har eit særskilt ansvar for at det vert tilrettelagt for etisk refleksjon på arbeidsplassen. Om yrkesutøvarane vert pålagt å utføre handlingar som dei ikkje ser som fagleg eller etisk forsvarlege, har dei ansvar for å melde frå om dette.

3. Yrkesetiske utfordringar i arbeidet **Møtet mellom menneske**

Helse- og sosialfagleg arbeid vert utøvd primært i møter mellom menneske. I menneskeleg samspel vil alle både påverke og verta påverka av det som skjer. Måten yrkesutøvarane møter enkeltmenneske, kollegaer og grupper på, er avgjerande for korleis tenester og hjelp vert utført, forstått og motteke. Som den profesjonelle part i relasjonar, må yrkesutøvarane ha eit medvite tilhøve til eigen væremåte, motiv og verdiar, og korleis desse påverkar dei ein møter. Yrkesutøvarane må også vere merksame på korleis dei som profesjonelle påverkar styrketilhøvet i relasjonen, og at profesjonell makt alltid kan misbrukast.

Skjønn og dømmekraft

Generalisert kunnskap, juridiske reglar og moralske normer er ikkje eit tilstrekkeleg handlingsgrunnlag i møte med brukarane sine mangfaldige og ofte komplekse behov. Helse- og sosialfagleg arbeid føreset derfor at yrkesutøvarane har fagleg og moralsk dømmekraft og evne til å utøve skjønn.

Å utøve skjønn vil seie å skilje mellom vesentleg og uvesentleg, vurdere ulike sider ved samansette og komplekse situasjonar og avvege mellom ulike interesser og omsyn. Dømmekraft inneber også mot til å ta val når ingen løysingar synest ideelle.

Ei god situasjonsforståing føreset at yrkesutøvaren er merksam på korleis samspelet mellom dei involverte og den aktuelle konteksten pregar det som vert sagt og gjort av den enkelte. Yrkesutøvaren må vere medviten på at både brukarane og yrkesutøvarane sine erfaringar og kulturelle bakgrunn påverkar korleis ein situasjon vert oppfatta, opplevd og vurdert. Eit godt fagleg skjønn må baserast på ei best mogleg utforsking av den aktuelle situasjonen, og perspektiva til alle dei som er involvert må takast med i vurderinga. Yrkesutøvarane har ansvar for å drøfte etiske dilemma med brukarane og kollegaer, og søke rettleiing når dei sjølv er i tvil.

Dialog og samarbeid

Samarbeid er ein føresetnad for utøving av helse- og sosialfagleg arbeid. Eit heilskapleg og godt koordinert tenestetilbod byggjer på gode relasjonar mellom yrkesutøvar og brukar, og eit konstruktivt samarbeid mellom involverte yrkesgrupper, etatar og i mange tilfelle brukaren sine private nettverk. For å kunne samarbeide mot felles mål må yrkesutøvarane ha kjennskap til og vise respekt for andre sin kompetanse, roller og arbeidssituasjon. I tillegg må dei ha evne til å inngå i reelle dialogar både med brukarane og aktuelle samarbeidspartnarar.

Dialog inneber å dele sitt personlege perspektiv på ein situasjon eller eit problem med andre involverte, og føreset at ein prøver å sjå verda gjennom andre sine auge. Målet er å koma fram til ei felles avgjerd om vegen vidare som kan ivareta verdiane til dei det gjeld, og akseptertast av alle.

Helse- og sosialfagleg arbeid er ofte prega av motsetnader. Ei erkjenning av konflikter er ein føresetnad for å kunne gjere godt arbeid. Kritikkk av kollegaer bør takast ope opp med den det gjeld før kritikken vert brakt vidare i systemet. Kollegaloyalitet må ikkje koma i vegen for ein

open diskusjon om metodar eller skjønnsmessige vurderingar i konkrete saker.

Teieplikt og personvern

Personvern er ein grunnleggjande verdi i helse- og sosialfagleg arbeid. Teieplikta skal ivareta individet sin rett til å bestemme over informasjon om seg sjølv, og er ein føresetnad for ein tillitsfull relasjon mellom yrkesutøvaren og brukaren. Informasjon som er underlagt teieplikt kan vidareformidlast med brukaren sitt samtykke. Om samtykke ikkje er gitt, skal vedkomande varslast før informasjon underlagt teieplikt vert gjeve til andre. Både juridiske reguleringar og etiske omsyn tilseier at det skal tungtvegande grunnar til for å oppheve teieplikta. Også når det føreligg samtykke til å oppheve teieplikta skal personvernet ivaretakast så langt det lar seg gjere. Det er viktig å vurdere kritisk kor mykje informasjon som må bringast vidare, kor mange som treng informasjon, og i kva form den skal gjevast. Også når det gjeld å hente inn sensitive opplysingar som vedkjem brukarar, er det viktig å utvise måtehald og ikkje etterspørje meir informasjon enn det som er naudsynt for å opplyse den aktuelle saka.

Nye informasjonskanalar og sosiale media som femner vidt, opnar for rask og effektiv kommunikasjon. Dette stiller ekstra store krav til aktsemd når det gjeld spreiring av informasjon og sensitive opplysingar om ein tredjeperson. Som yrkesutøvarar må barnevernspedagogar, sosionomar, vernepleiarar og velferdsvitarar vere medvitne si rolle. Det er viktig å reflektere over kven ein representerer når ein brukar sosiale media. Ein må kunne skilje mellom rolla som privatperson, profesjonsutøvar eller tillitsvalt.

Lojalitet

Gjennom sitt samfunnsansvar har yrkesutøvaren ulike interesser å ivareta. Yrkesutøvaren har ansvar for å ivareta den enkelte sitt behov for hjelp og støtte. Samstundes er han/ho forvaltar av samfunnet sine kollektive ressursar og har ansvar for at desse ressursane vert forvalta på beste måte for fellesskapet. Det vert stilt krav til dei enkelte tenester og den enkelte yrkesutøvar om lojalitet overfor politiske føringar og avgjersler

mellom anna når det gjeld organisatoriske og økonomiske rammer.

Dette inneber at den enkelte står i spennet mellom ulike forplikningar, og lojalitetskonflikter kan oppstå. Yrkesutøveren må av og til prioritere mellom ulike behov hjå den enkelte brukar, eller mellom behov og interesser hjå ulike brukarar. Den primære lojaliteten skal vere hjå den mest utsette parten. Dette gjeld for eksempel dersom det er konflikter mellom foreldre og barn sine interesser. Tilsette sine behov for tryggleik kan også koma i konflikt med brukarane sine behov for hjelp og omsorg.

Yrkesutøveren må kunne skilja mellom rettar og behov. Medan rettar peikar på det brukarar har krav på, må behov alltid skjønnsvurderast. Økonomiske rammer og avgrensa ressursar stiller krav til prioriteringar. Lojalitetskonflikter kan, skjult eller ope, føre til val og prioriteringar som er i strid med yrkesetiske verdiar. Det er viktig at yrkesutøveren er medviten om slike dilemma og kan drøfte dei ope med brukarar og kollegaer. Dette krev mot til å seie frå, og evne til å argumentere fagleg og etisk for avgjersler, samt stå inne for vala som vert gjort og gjennomført i praksis.

Bruk av makt og autoritet

Helse- og sosialfagleg arbeid inneber utøving av makt, autoritet og sosial kontroll.

Yrkesutøveren fattar avgjersler og føretekn vurderingar som kan få store konsekvensar for brukaren sitt liv. Tiltak kan vere uynskt av brukaren sjølv. Fagleg kunnskap kan skape ubalanse i relasjonen, og dei profesjonelle forvaltar ressursar og regelverk som gjer at den hjelpetrengande kan bli avhengig av yrkesutøveren. Yrkesutøveren har ansvar for å tydeleggjere og vedkjenne seg makttilhøvet i relasjonen til brukaren.

Yrkesutøvarane skal bruke si makt og innverknad til å hjelpe brukarane med å synleggjere sine eigne behov og eigen kompetanse. Brukarane sine eigne ressursar skal mobiliserast, slik at dei i størst mogleg grad kan få innverknad over og ta ansvar for eige liv. Yrkesutøvarane må derfor spørje etter og ta på alvor brukarane si eiga

forståing av problema og forslag til løysingar. Det er også viktig å gje brukarane god informasjon om rettar, moglegheiter og tilbod, slik at dei i størst mogleg grad sjølv kan ta stilling til kva som bør gjerast. Sjølv i situasjonar der brukaren er sterkt hjelpetrengande og ber om at andre tek over, kan det vere viktig å halde fast ved at det framleis er delar av brukaren sitt liv som vedkomande sjølv kan og må ta ansvar for.

Mange brukarar kjenner seg avmektige i møte med hjelpeapparatet. Sjølv om det alltid vil vere ein asymmetri i profesjonelle relasjonar, har yrkesutøveren eit særleg ansvar for å fordele makt og ansvar mellom yrkesutøvar og brukar. Yrkesutøveren må dele si eiga forståing av situasjonen og problemet med klienten og anerkjenne at det er brukaren som best kjenner eiga livshistorie og situasjon. Skriftleg materiale skal utformast på ein slik måte at det vert forstått av brukaren.

Det er viktig å vere klar over at den meir skjulte forma for maktbruk som kan knytte seg til diagnostisering og anna kategorisering, samt tiltale og omtale av klienten, kan opplevast vel så krenkande som meir formaliserte maktmiddel. Yrkesutøveren må også vere medviten om at eiga avmakt og utryggleik, eller negative haldningar overfor ein brukar, kan auka faren for maktmisbruk.

Utøving av autoritet og makt er ei særleg utfordring i arbeidet med brukarar som ikkje sjølv kan gje uttrykk for ynskjer og behov. I møte med desse brukarane er det viktig å søke etter informasjon om brukarane sine preferansar hjå nære andre, og vere merksam på kroppsspråk og andre ytringar som kan vere uttrykk for misnøye eller trivsel.

Bruk av tvang

Bruk av makt og tvang er alltid etisk problematisk sjølv når det vert rekna som naudsynt og er lovheimla. Brukarar som vert utsette for tvang, vil uunngåeleg få sine fysiske og/eller mentale grenser krenka. Tvang kan omfatte alt frå fridomsrøving, bruk av tvangsmiddel, tvangsbehandling og annan fysisk maktbruk, til mangel på val og strukturell tvang i form av reglar og rutinar

som alle må følgje. Bruk av tvang skal berre skje i unntakstilfelle. God kjennskap til lovgrunnlaget for tvangsbruk er ein føresetnad for å kunne nytte tvangstiltak, men lova sine reguleringar fjernar ikkje dei etiske dilemmaa og belastningane ved tvangsbruk.

Den etiske grunngevinga for bruk av tvang er at det er naudsynt for å hindre eller avgrense vesentleg skade, enten på personen sjølv, andre eller omgjevnadane. Den etiske hovudutfordringa er derfor avveginga mellom skadane som kan førebyggjast ved tvangstiltak, og skadane og krenkingane ein kan påføre ein annan gjennom sjølve tvangsbruken. Denne avveginga må alltid knytast til den konkrete situasjonen og personen, og kan aldri gjerast generell. Etisk forsvarleg bruk av tvang vil først og fremst vere aktuelt overfor brukarar som ikkje sjølv forstår konsekvensane av eigne handlingar, eller som utset andre for fare.

Om tvang vert nytta, må tiltaka vere så lite inngripande som mogleg. God informasjon og dialog om grunngevinga for bruken av tvang kan gjere tiltaka meir forståelege og bidra til å redusere opplevinga av krenking hjå brukaren. Når tvangsmiddel vert nytta overfor brukarar som ikkje har evne til å forstå kvifor, vil dette kunne skape uro og angst som aukar skadeverknadane ved bruk av tvang. Dette må det takast omsyn til ved avveginga mellom hjelp og skade ved bruk av tvangsmiddel.

Yrkesutøvarar kan verte pålagt å utføre tvangstiltak som dei sjølve er fagleg eller etisk usamde i, men som andre har vedteke. I slike situasjonar må yrkesutøveren foreta ei avveging mellom ulike forpliktingar. Dersom det ikkje er mogleg å endre pålegget gjennom kollegiale diskusjonar, må yrkesutøveren vurdere om innvendingane mot bruken av tvang er alvorlege nok til at det bør varslast vidare.

Yrkesutøveren skal ha eit kritisk blick på all bruk av tvang, og ta ansvar for at problemstillingar som bruk av tvang reiser, vert teke opp til diskusjon. Han/ho skal vere pådrivar i det faglege arbeidet for å kjempa mot og førebyggje unødvendig bruk av tvang, og alltid søke etter alternativ. Brukarane

sjølve kan sjå andre og fleire alternativ til tvang enn dei profesjonelle, og yrkesutøvarane skal bidra til å gjere hjelp tilgjengeleg før situasjonen vert så alvorleg for brukaren at tvang synest som einaste utveg.

Informasjon og varsling

Yrkesutøveren vert gjennom sitt arbeid kjent med ei rekkje tilhøve som skaper problem for enkeltmenneske eller grupper, og har eit moralsk ansvar for å gjere desse tilhøva kjente. Han/ho har eit ansvar for at tilhøve som skaper sosiale problem og bidreg til sosial utstøying eller uverdige livsvilkår, får merksemd i samfunnet. Offentleg tilsette yrkesutøvarar har plikt til å informere dei politiske styringsorganane ad tenesteveg.

Ettersom velferdsstaten er verdibasert, kan det knytte seg etiske utfordringar til sosialpolitiske spørsmål. Det er ein del av yrkesutøvarane sitt samfunnsoppdrag å sørge for at ressursane i verksemda, vert utnytta på ein mest mogleg effektiv og føremålstenleg måte. Samstundes er yrkesutøvarane forplikta til å melde frå og utvide rammene for utøving av helse- og sosialfagleg arbeid dersom det manglar naudsynte ressursar til å utføre arbeidet på ein fagleg og etisk forsvarleg måte.

Enkelte gonger kan det vere naudsynt å vende seg direkte til politikarar eller media. Når ein står fram offentleg, må det gjerast klart om ein opptre på vegne av seg sjølv, profesjonen, arbeidsplassen eller ein organisasjon. Nokre arbeidsgjevarar har reglar som hindrar tilsette i å uttale seg offentleg. Det kan av etiske omsyn av og til vere riktig å bryte slike reglar. Ansvaret for å opplyse offentlegheita grip inn i tilhøvet mellom teieplikt, opplysningsplikt og yrkesetiske omsyn. I situasjonar der ansvaret for å skjerme enkeltpersonar og ivareta teieplikt vert aktualisert, må ansvaret for å vere open og gje informasjon avvegast mot dette.

Yrkesutøvarar som vert klar over feil, manglar eller kritikkverdige tilhøve ved verksemda, har ifølge arbeidsmiljølova **rett** til å varsle. Samstundes har yrkesutøveren eit yrkesetisk **ansvar** for å varsle. I helse- og sosialfagleg arbeid kan dette ansvaret også handle om å varsle om kollegaer

sine brot med etiske verdiar og forplikingar. Ansvaret for å varsle kan innebere at den enkelte kjem i eit spenningstilhøve mellom lojalitet til kollegaer eller arbeidsplass på den eine sida, og lojalitet til faglege og etiske standardar på den andre. Lova krev at framgangsmåten ved varsling skal vere forsvarleg, og at varslingsrutinane i verksemda vert fylgt. I saker der tenesteveg ikkje fungerer, kan det vere naudsynt å gå ut over tenesteveg og varsle til offentleg tilsynsinstans. Å varsle kan vere ei påkjenning for den som varslar. I enkelte situasjonar bør ikkje varslaren stå åleine om å melde frå om kritikkverdige tilhøve. Kollegaer eller fagforeininga kan vere viktige støttespelarar i ein slik situasjon.

4. Yrkesetisk råd og klagehandsaming Samansetting

Yrkesetisk råd i FO har tre representantar frå kvar yrkesgruppe (barnevernspedagog, sosionom og vernepleiar), ein velferdsvitar og to eksterne medlemmer, og vert valt av Landsmøte.

Mandat

Rådets mandat er å bidra til etisk refleksjon og medvit hjå barnevernspedagogar, sosionomar, vernepleiarar og velferdsvitarar, halde den etiske diskusjonen høgt på organisasjonen og yrkesgruppene sin dagsorden og handsame klager på yrkesutøvinga hjå dei fire yrkesgruppene. Rådet tek også mot førespurnader om råd og drøfting av etiske spørsmål.

Kven kan klage til yrkesetisk råd

Alle som i møte med barnevernspedagogar, sosionomar, vernepleiarar og velferdsvitarar meiner å ha opplevd etisk kritikkverdig praksis frå yrkesutøvarane si side, kan klage til yrkesetisk råd. Dette gjeld også sjølv om yrkesutøvaren ikkje er medlem av FO.

Yrkesutøvarar som oppdagar etisk klanderverdig praksis hjå ein kollega eller overordna, kan også klage inn vedkomande for rådet.

Klage kan også fremjast av brukar eller yrkesutøvar overfor samfunnsinstitusjonar (til dømes tenestestadar).

Klageprosedyre

Klage skal fremjast skriftleg til yrkesetisk råd. Rådet kan hjelpe til med å formulere klaga.

I klaga må det gå fram kven det vert klaga på, omstenda rundt klaga og dei etisk klanderverdige sidene ved tilhøvet. Det er ynskjeleg at klaga vert knytt direkte til dei etiske verdiane som er omtala i dette dokumentet. Ved klage frå brukar/klient må det leggast ved ei signert godkjenning frå klagararen om at den innklaga yrkesutøvaren vert løyst frå teieplikta i den særskilde saka.

Klage vert sendt til den innklaga for kommentarar.

Kommentarane frå innklaga vert sendt klagararen, slik at vedkomande får høve til ytterlegare kommentarar.

Den innklaga vert så beden om å koma med ein sluttkommentar.

Yrkesetisk råd drøftar klagesaken med bakgrunn i dette etiske dokumentet. Rådet kjem med ei skriftleg vurdering i saka, som vert sendt begge partar. Rådet kan også invitere til eit møte mellom partane for å fremje kommunikasjon og gjensidig respekt.

Ved grove brot på FO sine etiske verdiar kan rådet foreslå skarpere reaksjonar overfor yrkesutøvaren, til dømes suspensjon eller eksklusjon frå FO. I slike tilfelle vert reglane i vedtektene fylgt.

Yrkesetisk råd vurderer om klagehandsaminga skal offentleggjerast.

Dette dokumentet er vidareutvikla frå tidlegare yrkesetiske reglar og etiske grunnlagsdokument for barnevernspedagogar, sosionomar og vernepleiarar:

- 1967: Yrkesetiske retningslinjer for sosionomer
- 1977: Yrkesetiske retningslinjer for barnevernspedagoger
- 1981: Yrkesetiske retningslinjer for vernepleiere
- 1989: Erklæring om etiske prinsipp i sosialt arbeid
- 1995: Yrkesetiske retningslinjer for barnevernspedagoger
- 2002: Yrkesetisk grunnlagsdokument for barnevernspedagoger, sosionomer og vernepleiere:
- 2011: Yrkesetisk grunnlagsdokument for barnevernspedagoger, sosionomer, vernepleiere og velferdsvitere